



# «Take-off» på Vågåvatnet

60 pilotar, 22 seglfly og tre slepefly. Delar av Vågåvatnet var omgjort til flyplass under «Vågå Wavecamp 2009».

AV TOM ERIK SOLSTAD

I tillegg til fly frå Norden deltok også flygarar frå Belgia, Nederland, Portugal og Frankrike under det årlige arrangementet som er organisert av Drammen Flyklubb for nitrane gong. «Vågå Wavecamp» er av dei største i sitt slag i heile Norden.

- Kvifor legg dykk arrangementet til Vågå?

- Landingsbana her i Vågå er unik både i breidde og lengde. Det er trygt å lande her. Her har vi også fjella rett innpå oss og luftsystemet går i bølger, akkurat slik vi vil ha det, seier Tor Einar Lund i Drammen Flyklubb.

Været var vekslande førre veke då dei heldt på.

- Når ein køyrer seglfly er ein avhengig av vind og det var ikkje kvar dag vi var like heldige med vindstyrken, seier Tor Einar Lund.

Omlag halvparten av pilotane var 7.000 meter over havet. Høgare enn det har dei ikkje lov å flyge utan særskilt løyve. Under arrangementet i 2002 vart det sett

Noregsrekord i Vågå på 10.000 meter over havet.

Sjolv om pilotane faug i nokre relativt små seglfly, hadde dei likevel makt over all rutetraffikk som vanlegvis flyg i området over og rundt Vågå.

- Dette luftområdet er vårt dei dagane vi er her, seier Lund. - Vi har heile tida hatt kontakt med flytårnet på Oslo Lufthavn Gardermoen når vi har vore i ei vis høgde. Då har dei fått all rutetraffikk til å anten leggje seg høgare eller rett og slett omdirigert dei på grunn av flyarrangementet.

Tryggleik er noko som vert teke svært alvorleg på «Vågå Wavecamp». Dette er også grunnene til at det aldri på desse 19 åra har vore noko større personskader. I fylgje Tor Einar Lund har det vore ein og anna mindre flykollisjon på bakken og nokre kontrollerte nedlandingar, men desse situasjonane har ført til berre materielle skader.

«Vågå Wavecamp 2009» var vellykka på alle måtar og Tor Einar Lund og Drammen Flyklubb gler seg allerete til å kome attende til Vågå neste år for 20 årsjubileum.



Klare for "take-off": Tor Einar Lund og Are Sørsvæn er klare for eit par timar i lufta.



Tungt. Eigenvekta på seglfly varierar, men legg som regel ein snid mellom 250 og 500 kilo. Det skal derfor til nokre personar for å flytte på eit slik fly på bakken.

## Seglflyfoto til kommunen



Under seglflytreffet Vågå Wavecamp 2009, vart det arrangert fotokonkurranse blant pilotane som deltok under treffet. Og det vart ein portrigsjar som stakk av med sigeren og beste seglflyfoto i luftrommet over Vågå. Det var kommunen som fekk vinnarbiletet, og ordførar Rune Øygard kunne fortelje at fotoogrfet skal hengjast opp på eit kommunalt bygg, då han synt fram biletet for kommunestyret. Biletet er teke i sju tusen meters høgde.

Landings- Isen på Vågåvatnet fungerte som flyplass og tok i mot all "lokketraffikk" frå lufta. 60 pilotar, 22 seglfly og tre slepefly var på plass under "Vågå Wavecamp 2009".

